



Lam ved elvefar med tydeleg nakkebit i Grindsdalen. Foto Heidi Eiken

# Jerv i Leikanger

**Beitesesongen 2009 vart ei stor tragedie for mange saueeigarar i Leikanger i midtre Sogn. Jerven drap svært mange lam i eit relativt avgrensa område, og enkelte mista over 40 lam og hadde opp mot 40% tap av lam på fjellbeite.**



Tekst: **MARIT HENJUM HALSNES**  
Norsk Landbruksrådgiving  
Sogn og Fjordane

Fyrste funn av kadaver var 30. juli i Frikisdal i Henjadalen. Rovviltkontakt vart varsla og kunne dagen etter stadfesta at 4 lam var drepne av jerv. Alle sankelag i kommunen vart varsla, sauebøndene mobiliserte sterkt og det vart mykje tilsyn i fjellet i dei mange ulike beiteområda. Ei veke seinare vart det stadfesta nye drap av jerv i nye område; ved Steinsete, vidare i Ryssebotn, Rommedalsskard i Grindsdalen og i Fossadalen. I løpet av 2 dagar vart det til saman funne 12 kadaver, der 7 vart stadfesta drepne av jerv. Fortvila saueeigarar var vitne til ille tilreidde dyr og uro i dei ulike beiteområda, der mange sauer mangla lam, mødrer og lam som var komne ifrå kvarandre. Ein sauei-

gar såg sau og lam ein kveld, og neste morgon var eine lammene drepte. Den lokale rovviltkontakten Einar Fortun hadde ei travel tid saman med dei ulike bøndene, og totalt vart det registrert 36 saker på jerv. Det vart også gjort funn av kadaver som tyder på at jerven hadde vore på ferde tidlegare i beitesesongen.

## Fellingsløyve og kommunalt fellingslag

Det vart søkt om fellingsløyve for jerv frå fyrste dag, men grunna ferieavvikling hjå Fylkesmannen gjekk det mange dagar før løyve vart gjeve, og då berre for ei veke i eitt sankeområde. Fyrst då det vart stadfesta jervedrepne kadaver i nye område, vart fellingsløyve utvida til heile kommunen. I samarbeid med kommunen vart det kommunale fellingslaget varsla, og jegerar og bøndene sjølve tok opp jakta på jerven utan resultat. Å jakte på jerv i dette terrenget med stupbratte fjellsider, brear, mange dalar og store vidder, er nærast umogeleg.

## Jerven kom tilbake – tidleg sanking

Tidleg sanking vart vurdert, og enkelte sanko fyrste helga i september. I vel

ein måned var det stille i fjellet, men så 12. september slo jerven til på nytt og det vart funne nye 4 lam stadfesta drepne av jerv, og det vart oppmoda til sanking 13. september. På tross av kort varsel, vart det likevel mobilisert mykje folk, mellom anna frivillige og svært mykje sau vart henta ned frå fjellet, utan teikn til jerv eller nye kadaver, men mykje lam mangla og etter kvart kom tala frå dei ulike sankelaga.

## Store tap av lam

Totalt i Leikanger vart det i vår sleppt 3531 dyr, derav 2175 lam, 499 lam er tapt, dvs 18,3 %. Og det er heilt tydeleg at jerven har herja meir i ytre delar av kommunen der lammetafet i dei to beitelaga er 20 og 29 %, medan dei andre beitelaga har mista 14 og 17 % av lamma. Dette er svært alvorleg og ei stor tragedie for dei som vart ramma. Det merkelege er og at enkelte buskapar ikkje er ramma, dei har normale tap, eller ikkje tapt eit einaste lam. Desse buskapane har beiteområde sitt noko lågare og ned mot tregrensa, noko som kan tyda på at jerven har gått i ei fast rute. I ettertid vart det også stadfesta store tap i

nabokommunen Sogndal, i buskpar som beitar nær kommunegrensa til Leikanger.

### Kva skjer?

No etterlyser saueeigarane at Direktoratet for Naturforvaltning (DN) gjer det dei kan for å ta ut jerv i vinter. Erfaringar lengre inn i fylket er at jerven er svært vanskeleg å ta ut, og at berre profesjonelle jegerar klarar det. Om ikkje det skjer noko i vinter, er det uråd å sleppa dyr til fjells neste beitesesong. Mattilsynet har varsla beitenekt, og då truleg for heile kommunen og nærliggjande område. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i år motteke 50 % fleire erstatningssøknader for tapte dyr enn fjoråret, og det er gitt klart uttrykk for at det må takast ut jerv i vinter.

I mellomtida vurderer bøndene åtejakt og jervefelle, som må ha tilsyn 2 gonger i døgeret, i tillegg til at dei samarbeider med SNO om spor og andre observasjonar.

Det må vera lov å undra seg over kvifor det finst jerv i eit område som skal vera fritt for jerv. Samstundes som staten stimulerar til auka beitebruk med småfe gjennom ulike støtteordningar som organisert beitebruk, dyr på utmarksbeite og andre miljøtiltak, så set den bøndene i ein svært makteslaus situasjon med rovdyrforvaltninga si.



Lam ved Fagraeggi i Grindsdalen med tydeleg nakkebit. Foto Heidi Eiken



Tydeleg spor i nakkeskinnet etter tennene. Foto Heidi Eiken




## Kart over beiteområda i Leikanger med registrering av kadaver

Kartet syner registreringar av kadaver i DN sin Rovbase for Leikanger i 2009. I kartet er det lagt inn registrerte kadaver. Blått teikn er jerv og grønt teikn er gaupe. Kartet viser at jerven har vore over heile området, og det er spesielt at jerven har drepe så konsentrert over tid i eit såpass lite geografisk avgrensa område.

## Statens Naturoppsyn SNO

- utfører skadedokumentasjon av husdyr drepte/skada av rovvilt
- har registreringsoppdrag i høve rovdyrbestand (ulv, jerv, gaupe, bjørn)
- registrerer og dokumenterer spor, avføring m.m.

Tilfeldige rovviltmeldingar frå publikum gir viktig informasjon om utbreiinga til arten. Snøen gir gode høve til spor etter rovdyr. SNO ynskjer at alle som ser spor etter jerv, gaupe eller andre rovdyr tek kontakt med den lokale rovviltkontakten så raskt som mogeleg. Alle observasjonar som tyder på at det er familiegrupper/ungar/hi er høgt prioritert. Dokumentasjon med bilde er viktig. Ta 2 stk; eitt nærbilde med eit objekt (boks/hanske) og eitt av sporrekka.



## Store tap og mykje ettersyn

Eirik J. Husabø og Per Sveinung Røysum har mista mykje lam i fjellet. Felles for dei begge er at beiteområda ligg høgt til fjells. Det har vorte mange og lange dagar i fjellet i sommar med både tilsyn og jakt. Samarbeidet med SNO har vore godt, og viltkontakt Einar Fortun har gjort ein formidabel jobb med obduksjon av drepne dyr. Bøndene i Husabø sank i høgjellet fyrste helga i september, og Per Sveinung opplevde å få heim fleier vaksne dyr enn lam, noko som aldri har skjedd tidlegare. Han hadde som tidlegare år meldt inn 60 lam til slakt, men hadde berre 28 lam å senda etter 1. sanking.



Eirik J. Husabø og Per Sveinung Røysum i sauefjosen.  
Foto: Marit Henjum Halsnes

## Jerv (Gulo gulo)

Høyrer til mårdyrfamilien. Det latinske *Gulo gulo* tyder storetar, som understrekar inntrykket av jerven som eit blodtørstig dyr som kan ete uhorveleg mengder med mat.

På engelsk heiter «jerv» *wolverine*, («ein som oppfører seg som ulv»). På tysk heiter «jerv» *Vielfraß* (= storeter).

Den kraftige kroppsbygningen gjer at han liknar ein liten bjørn. Han kan bli opptil 1 meter lang (frå snute til hale-rot), og vega opptil 18 kg.

Kjeven er kraftig slik at han kan eta frose kjøt og knuse knoklar frå store dyr for å få tak i beinmargen.

Jerven kan dra med seg byttedyr fleire gonger større enn seg sjølv som han lagrar i myrhol, bekkefar, elvar, steinur og snøfonn.

Jerven har store labbar og flyt godt også i laus snø, medan klauvdyr søkk ned i snøen.

Føtene er korte, men med lange klør slik at han er flink til å klatre.

Ein jerv har eit revir på 40 - 800 km<sup>2</sup>. Jerven har ein fantastisk luktesans og kan lukte seg fram til eit åtsel frå lange avstandar.

Jerven kan drepa dyr som er mykje større enn seg sjølv. Faktisk har det vore tilfelle der jerv har drepe elg.

Jerven gjer stor skade når han startar å drepe tamrein og sau.

Jerven er det rovdycet i Noreg som gir

dei største utbetalingane av erstatning for tap av sau og villrein.

Årleg vert 5-10 000 rein og 12-15 000 sau erstatta av det offentlege som jervdrepne.

Stammen av jerv i Noreg pr 2009 til ca 300.

Jerven kan bli 17 år gamal, kullstorleik 1-4 kvelpar, vanlegvis 2-3. Når ungane er 6-7 månader gamle er dei ikkje lengre avhengig av mora.

Det vert jakta på jerv ved hiuttak og lisensfelling. Åtejakt og hagle er lovleg, fordi jerven er det freda rovdycet som tek flest sau i Noreg.

Arten er representert med to eksemplar i Kristiansand Dyrepark.

(Kjelde: Wikipedia og

Direktoratet for naturforvaltning DN)